

Kroppsspetakkel

Arbeidarkvinnas uynskte graviditetar vedkjem individet og kollektivet

Ingrid Nestås Mathisen

«Jeg husker engang, – det var da min søster skulle ha et barn. Det var jo en forferdelse hjemme uten ende, og kjekkel og spetakkel. Ja – hun ble jo gift og alt i orden, men det var først senere» (Nedreaas 1947:43). Systema som det her vert fortalt om, er systema til den namnlause kvinnelege forteljaren i Torborg Nedreaas sin roman *Av måneskinn gror det ingenting* frå 1947. «Forferdelsen» og «spetakelet» er ei følge av systemaas brot med samtidas moralske og sosiale konvensjonar då ho vart gravid utan å vera gift.

Fleire (Svendsen 2007, Langås 2013) har kommentert tydinga av kvinnes klassebakgrunn i *Av måneskinn gror det ingenting*, og at kvinnes seksualitet må bli forstått i samanheng med

klasesituasjonen deira (Hamm 2016). Men eg spør meg om ikkje også Nedreaas, gjennom skildringar av kvinnekropp(ar), i denne romanen utforskar arbeidarklassens grunnvilkår og ein av arbeidarlitteraturens grunnstrukturar – relasjonen mellom individet og kollektivet. Lat oss sjå på kroppsskildringa i forlenginga av det innleiande sitatet. Opplevinga av kropp set i gang ein refleksjon hjå forteljaren om graviditeten som ei på same tid individuell og kollektiv kroppsleg røynsle. Den kvinnelege forteljaren kjenner livet i systera sin mage, men også i sin eigen kropp. Dette vitnar om eit sterkt kroppsleg fellesskap i denne situasjonen:

Nattkjolen min var ganske tynn, og det var nokså rart kan du tro. For det var noe som levde inni henne, og jeg kjente det tvers gjennom nattkjolen og kjente det helt ut i ryggen. Og enda jeg var riktig flau og sjenert, så trykket jeg meg inntil henne, jeg holdt pusten og riktig lyttet etter det som skjedde. For det var med meg det skjedde noe da. Hva det var kan jeg umulig si deg. Men etterpå, da jeg lå i min egen seng igjen, da var den der også, den tomme følelsen omkring min egen kropp. Nei men, hva er det jeg tøyser om nå? Dette var jo en helt annen historie, i grunnen har den ingenting med det hele å gjøre. Det var bare det at kroppen min kjentes så meningsløs. Det var ingenting som levde i den (1947:43–44).

Samstundes som tekstilet i nattkjolen til forteljaren markerer eit fysisk skilje mellom dei to kvinnekroppane, opplever forteljaren at avstanden mellom dei to nærast vert oppløyst. Ho kjenner livet i systera sin mage gjennom hennar kropp og i sin eigen kropp, heilt ut i rygg søyla si. Ho erfarer eit fysisk samband mellom dei to, eller mellom dei tre irekna fosteret. Forteljaren stoggar sine egne kroppsfunksjonar, pusten, for

å forsøka å sansa denne symbiotiske røynsla sterkare. Det er interessant at denne situasjonen, kvinna som presser seg inn til systema sin gravide kropp, på ein måte som gjer at ho kjenner eit fellesskap og ei fysisk samkjensle med systema, også påkallar kvinna merksemd mot si eiga einsemd og sin eigen individualitet.

Forteljaren tek kring systema med ein omsorg som mannen som har gjort henne gravid, ikkje gjer. Såleis blir den heterofile relasjonen mellom mannen og kvinna her kanskje utfordra eller avløyst av eit kvinneleg fellesskap. For forteljaren er ikkje dette eit utvisteleg positivt fellesskap, fordi erfaringa av å kjenna systema sin gravide kropp er ei påminning om at hennar eigen kropp er annleis. Kvinna kroppserfaring, ei kjensle av tomheit, einsemd og meiningsløyse, utløyst av nærheita i forsøket på å trykke seg tett inntil systema med barn, framkallar førestillingar frå kollektivet om kva ein kvinnekropp skal vera og gjera, og som den kvinnelege forteljaren ikkje oppfyller.

Nedreaas framstiller her ein interessant kroppsdynamikk. Ei kvinnes graviditet er eit kroppsleg individuelt fenomen. Samstundes, sidan det er ei erfaring som er avgrensa til kvinner, kan erfaringa danna grunnlag for eit opplevd kvinnefellesskap og ei førestilling frå kollektivet om kva ein kvinnekropp *kan* gjera/vera. Når forteljaren sitt minne er fleirtydig og både fremjar ei kjensle av fellesskap og av einsemd, er det mogelegvis fordi kvinnene i denne romanen erfarer at kroppen, og også den gravide kroppen, er underlagt strukturar som gjer at dette heng tett saman. Dette har, som me skal sjå i det vidare, sterk gjenklang i arbeidarlitteraturens framstilling av kroppen som eit på same tid individuelt og kollektivt fenomen.

Arbeidarkroppen

I det arbeidarklassemiljøet, eit gruvesamfunn i overgangen til 1920-talet (Svendsen 2007:31), som Nedreaas skildrar i *Av måneskinn gror det ingenting*, er det viktig med ein sterk kropp for å klara arbeidet og tilværet. Kroppen som skal sikra ein arbeid, er samstundes sårbar for øydelegging av det same arbeidet. Forteljaren uttrykker det slik: «Mennene dør pent og pyntelig av cellikose, og konene dør av slit eller underlivs-sykdommer» (1947:74). Hennar eigen familie fyller dette skjemaet. Far hennar, som er gruvearbeidar, døyr av lungesjukdomen silikose (1947:108), medan mor til forteljaren bruker kroppen sin så hardt at ho spontanaborterer (1947:68–69).

I avhandlinga *Arbeidarkroppen. Individ og kollektiv i Nini Roll Ankers og Kristofer Uppdals prosa* (2019) viser eg at deira arbeidarlitteratur utforskar tilhøvet mellom individet og kollektivet, mellom anna gjennom måten kroppen, på ulike nivå i teksten, vert framstilt og erfart på. For den einskilte arbeidrar er kroppens evne til å arbeida verdifull fordi det er vara hennar. Gjennom samhandling med andre arbeidande kroppar, i same tempo, i same takt, i same retning eller med same mål maktar den kollektive arbeidarkroppen å oppnå framdrift eller produksjon som den einskilte arbeidarkroppen åleine ikkje kan klara. Slik viser tilhøvet seg mellom den individuelle arbeidrar og arbeidarkollektivet som eit heilt fysisk og konkret fenomen, og både den einskilte kroppen og den kollektive kroppserfaringa har verdi.

Relasjonen mellom individet og kollektivet vert også tematisert som eit meir politisk fenomen i arbeidarlitteraturen. Dersom til dømes *ein* arbeidrar stoggar å arbeida, straffer det berre ho sjølv. Kanskje går akkorden hennar ned, eller kanskje ho vert sagt opp fordi ho ikkje gjer jobben sin. Dersom heile

arbeidsfellesskapet stoggar arbeidet, i til dømes ein streik, er den einskilde arbeidaren mindre sårbar. Ein kollektiv arbeidsstans vil kunna straffa arbeidsgjevarar økonomisk, og dette vil gjera det mogeleg for arbeidstakarane som eit samhandlande kollektiv å gjera krav om betre arbeids- eller lønsvilkår høyrde. Dette viser oss at rettar og gode for individet kan ein vinna ved å stå saman som eit kollektiv. Denne dynamikken er i høgste grad relevant og overførbar når det kjem til korleis kampen for den einskilde kvinns rett til å bestemma over eigen kropp og rett til abort, må kjempast fram av eit kollektiv.¹

Det er ikkje slik at ein kamp som krev kollektiv tilslutnad, alltid skal kjempast mot ei økonomisk eller politisk overmakt. Hjø Nedreaas ser ein korleis kvinnene vekslar mellom å hand-sama eigen seksualitet og på same tid fort inngår i samanhengar der dei, i tråd med normer og forventningar i omgjevnadane, fordømer og kritiserer andre arbeidarklassekvinner som baksar med dei same vanskanne som seg sjølv. Såleis inngår kvinnene i eit kollektiv som reproduserer oppfatningar av korleis den einskilde arbeidarklassekvinna skal skjøtta kroppen og seksualiteten sin. På kva måte utforskar Nedreaas kvinnes avsky for og eventuelle solidaritet med kvarandre i skiltringar av kropp i *Av måneskinn gror det ingenting?*

Systema si historie er også forteljarens historie

I Nedreaas sin roman *Av måneskinn gror det ingenting* (1947) møter ein ei kvinne på notidsplanet som gjennom ein samtale med, eller snarare monolog til, ein tilfeldig mann gjennom ei natt, fortel om ungdomstida si i ein arbeidarfamilie og i eit arbeidsmiljø, om kjærleik og kjærleikssvik og om graviditetar, moderskap og abortar. Romanen har eit sentralt

kjærleiksplot. Den ikkje-namngitte kvinnelege forteljaren seier til den mannlege tilhøyraren sin at ho innleidde eit hemmeleg kjærleiksforhold til læraren sin, Johannes, då ho var 17 år. Det at relasjonen blir verande ein løyndom, har med klasse å gjera. Då jeg-forteljaren fortel at ho er gravid, avviser Johannes henne blankt: «Han sa jeg ville ødelegge ham. Hvis det var gifte meg jeg ville, så måtte jeg vite det at han kunne ikke gifte seg med hvem som helst» (1947:124). Adjunkten Johannes kan ikkje offisielt vera saman med dottera til ein fattig gruvearbeidar. Relasjonen mellom dei er vanskeleg fordi ho korkje har sosial eller økonomisk status å tilby. Kvinna fortel også, som eg kjem tilbake til, om ulike røynsler med abort.

Når den kvinnelege forteljaren fyrst omtalar systera sin graviditet, som eg viser til i innleiinga, skyv ho minnet bort. «Dette var jo en helt annen historie, i grunnen har den ingenting med det hele å gjøre» (1947: 44). Er det ei heilt anna historie? Kanskje minnet om systera, og røynslene med hennar svangre kropp, er viktigare for den kvinnelege forteljaren enn ho sjølv på dette tidspunktet er medviten om. Fyrste gong forteljaren nemner systera sin gravide kropp, bryt ho av si eiga framstilling om då ho innleidde ein seksuell relasjon til læraren sin, Johannes. Ho spør kvifor ho kom til å fortelja dette no, det har jo ikkje noko med «det hele» å gjera, meiner ho. Er dette nettopp eit hint om at det er ein samanheng mellom systera sine og forteljarens eigne kroppslege røynsler? Samanhengen veks mogelegvis fram for forteljaren medan ho fortel. I den nattlege monologen vender nemleg forteljaren ei stund seinare tilbake til dette minnet om at ho kryp opp i senga til den gravide systera si.

Jeg la meg opp i sengen til henne for å trøste henne. Men dette har jeg jo fortalt? Jeg kjente det levde i henne, det levde inne i maven på henne. Og siden kjente jeg meg så ensom og – ja,

det var så merkelig, for det var ingenting som levde i meg. Jeg elsket, jeg var lykkelig, men det var bare kroppen min og ingenting i den, men du, jeg har fortalt dette før og du må ikke bli utålmodig. Nei, nå skal jeg fortelle hvordan det gikk (1947:93)

Det er einsemda hjå forteljaren som vert framheva. På eit nivå er det ei konkret skildring av den tomheita ho kjenner ved å ikkje ha eit barn i magen slik systema har. På dette tidspunktet har forteljaren endå ikkje abortert, einsemda peiker mot sorga over at ho aldri skal få bera fram barnet til Johannes. Einsemda, slik ho er skildra her i spennet mellom å ha ein seksuell relasjon med ein mann ho elskar, men ikkje ha høve til å føda barnet hans, inngår også i romanens overordna kritikk av eit samfunn der det er vanskeleg for ei kvinne å få barn utanfor ekteskapets rammer.

Innleiingsvis spør eg om Nedreaas utforskar tilhøvet mellom individet og kollektivet gjennom skildringar av kropp. Kvifor eller korleis er denne scenen, forteljarens minne om å krype inntil systema sin gravide kropp, ei slik utforsking? For å utdjupe dette vil eg sjå nærare på forteljarens eiga erfaring med graviditet.

Den kvinnelege hovudpersonen er gravid (minst) tre gonger og gjennomfører (minst) tre abortar. Fyrste gong ho vert gravid, overtalar Johannes henne til å gå til doktoren «og få ham til å ta det vekk» (1947:125). Johannes tek, om ikkje anna, økonomisk ansvar og stikk ein pengesetel i handa hennar. Sjølv om legar på dette tidspunktet berre har lov til å gjennomføra abort-inngrep dersom det står om kvinna's liv, går legen med på å gjera det, «for denne ene gangens skyld» (1947:132). Johannes på si side syner lita innsikt i kva kostnad det har for kvinna å gjennomføra ein abort:

Johannes hadde sagt fra til meg, det var ingenting, en bagatell bare, en utskrapning av livmoren. En bagatell? Ja, muligens. [...] Her skjer noe i en kvinnekropp, som daglig minner om at det er riktig. [...] Hver minste celle i henne er innstilt på dette her som skal skje. Og så, plutselig, øver man en gjerning med seg selv, som avbryter denne prosessen. I løpet av en halvtime skal hjerte og nyrer og lever og eggstokk og årer og vener og muskler og nerver og millioner små celler ominnstille seg igjen. Kunstig. *Med vold!* Det er dette, forstår du. Det er dette som gjør den handlingen til et sykt mareritt (1947:132–133).

I kontrast til Johannes si bagatellisering vert einskilde kroppsdelar nemnde i ei oppramsing. Slik vert det understreka at ei slik hending råkar heile kroppen, heile mennesket. Ubehaget vert forsterka av at inngrepet vert omtala som noko unaturleg, «[k]unstig», uverkeleg, «et sykt mareritt» og som eit overgrep, «*Med vold!*», det siste understreka ved hjelp av kursivering og utropsteikn i teksten. Det er som om forteljaren ikkje kan få uttrykt sterkt nok korleis kroppen hennar strittar imot det som skjer.

Sjølv om kvinna her fortel om minnet, om opplevinga knytt til sin eigen abort, vel ho å framstilla opplevinga med ein tredje-persons-distans. Ho skiftar frå å referera til sin eigen situasjon og vonbrotet over Johannes manglande støtte i «jeg-form», til å visa til det å vera gravid og til å gjennomføra ein abort som ei felles kvinneleg erfaring: «Ja, hvordan skal jeg uttrykke det? – Her skjer noe i en kvinnekropp [...] Når en kvinne [...] Det skjer dette her at en kvinne som skal ha barn [...] Hver minste celle i henne [...] plutselig, øver man en gjerning med seg selv» (1947: 132). Brotet kan på den eine sida antyda ein distanse til, kanskje ei framandgjering frå, det som skjer med kvinnekroppen. På den andre sida fungerer skiftet til å understreka at erfaringa,

i tillegg til å vera ei personleg og individuell fysisk oppleving, samstundes er ei allmennmenneskeleg og såleis felles (kvinne) erfaring.

Jeg-forteljaren vender seg direkte til romanens andre jeg-forteljar, det vil seia mannen frå rammeforteljinga som vert installert som tilhøyrar til historia hennar. Ho påkallar mannens merksemd, ho vil forsikra seg om at han framleis følgjer med, ved å venda seg til han med eit «forstår du» (1947:133). Liksom ho seier: høyr her, det er ekstra viktig at du lyttar til det eg fortel no, for å forstå det som Johannes ikkje forstod. Christine Hamm (2016) har argumentert for at Nedreaas, med *Av måneskinn gror det ingenting*, tek eit oppgjær med førestillingar om arbeidarlitteraturens framstilling av arbeidarkvinnens seksualitet. Ho meiner at med denne romanen vert «'den falne kvinnens' stemme for første gang virkelig hørbar i norsk litteratur» (2016:203). Uttrykket «den falne kvinne» viser til kvinner som historisk har vorte sett på som demoraliserte på grunn av ein aktiv seksualitet utanfor ekteskapets rammer. Hamm meiner at drivkrafta i *Av måneskinn gror det ingenting* er «et ønske om å få slutt på tausheten» (2016:208), noko som vert demonstrert på fleire plan, og då mellom anna gjennom den narrative teknikken, der det konkret er arbeidarkvinna som talar og mannen er situert som tilhøyrar. På eit overordna plan artikulerer romanen eit ynskje «om å få en åpen debatt om kvinnelig seksualitet – og dermed også et ønske om å få slutt på forestillinger om arbeiderlitteratur som umoralsk, dersom den viser fram kvinner som «falne», og som drevet av erotikk» (2016:208). Det meiner eg Hamm har rett i, og me skal sjå at Nedreaas let forteljaren vera ganske eksplisitt når ho seier at arbeidarkvinnene er offer for strukturell makt. I tillegg meiner eg det er relevant at kvinna her opplever aborten som eit overgrep, eit

inngrep som kroppen strir i mot. Den moralske fordømminga av kvinna seksualitet, slik det er skildra hjå Nedreaas, handlar altså ikkje berre om noko samfunnet eller kollektivet påfører individet, det er også ei sjølvforakt individet artikulerer som ein reaksjon på aborten som ei kroppsleg erfaring.

Arbeidarkvinner vert tvinga til å vera skitne kjerringar

Førestillingane om arbeidarklassekvinna, kroppen og seksualiteten hennar, er mange. Dette har den nordiske arbeidarlitteraturforskinga interessert seg for. Ebba Witt-Brattström (1988) og Bibi Jonsson (2016) er mellom dei som syner at den nordiske skjønnlitteraturen gjennom heile 1900-talet utforskar fordomar og myter om arbeidarklassekvinna si reinsemd, seksualitet og evne til å ta vare på eigen kropp. Hjå Nedreaas hugsar me at det vart spektakkel då forteljarens syster vart gravid med ein mann som fyrst ikkje ville ha noko med ho og barnet å gjera. «Onde ord ulmet mellom veggene, for min søster skulle ha barn» (1947: 92), vert det fortalt. Den kvinnelege forteljaren gjer i den samanheng ein observasjon av moras manglande innsikt i det heile:

De ordene som falt mellom min mor og min søster – en gapende avgrunn av heslighet. Hva min mor avslørte av vår klasses uvitenhet, den som presset på oss, den vi med makt er blitt holdt nede i og som gjør mange av våre kvinner til ikke noe annet enn **skitne kjerringe** når de blir stilt på de harde prøvene – ! (1947:92, mi utheving).

Forteljaren peikar på dei strukturelle maktdimensjonane som rammar arbeidarkvinnene og ser at mora ikkje er medviten om strukturane. Samstundes markerer forteljaren seg sjølv som ein del av dei kvinnene som er råka av ei undertrykking, ved å bruka pronomena «oss», «vi» og «våre kvinner». Arbeidar-klassekvinnene strevar etter å vera det den britiske sosiologen Beverley Skeggs kallar respektabel (1997). Å vera respektabel, å handla innanfor forventa normer og rammer, er ifølgje Skeggs særleg viktig for medlemmer av grupper som samla sett *ikkje* vert vurderte som respektable, dei som i utgangspunktet strevar med å bli sett på som aktverdige og skikkelege borgarar av samfunnskollektivet. Kropp avslører klasse, og klasse verkar inn på korleis ein har høve til å ta vare på kroppen sin.

The body and bodily dispositions carry the markers of social class. As Bourdieu (1986) notes the body is the most indisputable materialization of class tastes. Bodies are the physical sites where the relations of class, gender, race, sexuality and age come together and are embodied and practiced. A respectable body is White, desexualized, hetero-feminine and usually middle class. Class is always coded through bodily dispositions: the body is the most ubiquitous signifier of class (Skeggs 1997:82).

I arbeidarlitteraturforskinga er Skeggs sitt respektabilitets-omgrep ofte nytta for å synleggjera og diskutera konstruksjon av og førestillingar om kjønn og klasse. Å ta hand om kroppen sin på ein skikkeleg og aktverdige måte er sentralt i Skeggs sin definisjon av respektabilitet. Arbeidarklassekvinna sin kropp og seksualitet er særleg utsett, då kroppen hennar historisk har vorte kopla til det ukultiverte, grove og ikkje-respektable (1997:3). I skildringar av uynskte graviditetar hjå Nedreaas blir det særleg tydeleg at medvit om sosialt omdøme og økonomisk

manglande handlingsrom gjer arbeidarklassekvinnene sårbare og desperate. Den einskilde kvinns høve, evne og vilje til å ta hand om sin eigen kropp og seksualitet gjeld individet, men angår likevel arbeidarkvinnene som eit formelt og uformelt fellesskap. Omdømet til den einskilde kvinna «smittar» over på forestillingar om arbeidarklassekvinner som ei samla gruppe. I ein artikkel om visualisering av jentekroppar i bildebøker nyttar Mia Österlund formuleringa «att göra spektakel av sig själv» i tydinga å overskrida forventingane til måten ein er jente/kvinne på (2013:181). Utvidar ein denne forståinga av Skeggs, kan ein seia at spetakkel i *Av måneskinn gror det ingenting* både viser til det den einskilde kvinna gjer når ho bryt med normene og forventingane til henne, og samstundes er det med spetakkel omgjevnadane reagerer for å synleggjera avstand til måten ho har skjøtta kroppen og seksualiteten sin på. Spetakkelet kan ein såleis forstå som ei larmande agering og eit tilsvar på kollektivets fordømming av kvinners utanom-ekteskapelege seksualitet. Familien freistar, kan henda, å re-etablera respektabiliteten og stadfesta kollektivets normer. Det ser ut til at spetakkel skal møtast med spetakkel for å restituera arbeidarkvinnas individuelle og kollektive omdøme.

Valet systema til forteljaren gjer om å føda barnet, trass i at barnet er eit prov på det som i samtida blir sett på som usømmelig åtferd, rammar ikkje berre omdømet hennar. Når forteljaren kjem heim på vitjing, spør mora om ho vil vera med opp og sjå «på skammen vår» (1947:107). Mora opplever at «uføret» dottera har hamna i, rammar heile familien. Ein kan leggja til at på handlingsplanet forsterkar dette forestillinga om arbeidarkvinnekollektivet.

Sjølv om forteljaren kjenner godhug for og nærleik til systema når spetakkelet står på i heimen, vert ho til dels avvist av systema når ho sjølv er stilt på prøve. Forteljaren er blitt gravid og søker

råd hjå systera, som ho veit også «hadde hjulpet seg selv flere ganger fordi de hadde liten råd» (1947:238). Sjølv om systera altså ber fram det fyrste barnet, som ho får utanfor ekteskap, aborterer ho fleire gonger innanfor ekteskapets rammer. Likevel har systera ein til dels avvisande haldning når forteljaren er uynskt gravid.

Da jeg endelig sa det ble det en forferdelig scene. Hun [systera] hadde aldeles glemt at hun hadde vært i samme situasjon, for hun var ikke gift da hun fikk Veslegutt, men hun ble gift siden og tvang seg til det. Men hun sa da hvordan det gikk til. Da måtte jeg legg meg ned litt. Jeg holdt på å besvime (1947:238, mi utheving).

Systera har tvunge seg til å abortera, sjølv om ho er gift. Bruken av ordet tvang høyrer til forteljarens språk og har gjenklang i hennar eiga detaljerte og smertelege erfaring av aborten som noko kunstig og valdeleg (1947: 133). Sjølv om systera tidlegare har vore i same situasjon som forteljaren, tek ho fort på seg samfunnskollektivets blick på og moralske vurdering av kvinners kropp og seksualitet.

Det er dette, å ikkje vera respektable, arbeidarkvinnene hjå Nedreaas ynskjer å unngå. Men, som forteljaren peiker på, dei vert pressa inn i situasjonar som gjer dei til «skitne kjerringer». Det er ikkje akseptabelt å få barn utanfor ekteskap, men basert på systeras spontane reaksjon er det heller ikkje akseptert å ta abort. Kva utvegar fortel Nedreaas om? Kva gjer og kva skjer med kvinner som vert uynskt gravid i romanen?

Å tvinga seg til abort

Mor til jeg-forteljaren i *Av måneskinn gror det ingenting*, forstår lesaren, har opplevd fleire abortar fordi ho til dømes har pressa seg for hardt ved å løfta tungt:

Men mor ble syk noen ganger. Det skulle ha vært barn. [...] En gang stod jeg selv i vinduet og så henne løfte en balje med klær fra bekken og opp til ildstedet, og det var en balje som det ikke var meningen at noen mann skulle løfte. Jeg så henne spenne den magre kroppen i raseri, og jeg så ansiktet hennes - [...] Og jeg husker ikke mer da, jeg husker bare nokså dunkelt noen dager etter, da kom hun hjem fra landhandleren, og hun mer krøp enn gikk, og det var en strime av blod etter henne (1947:68–69).

Spontanaborterer mora fordi ho ikkje har noko anna måte å meistra kvardagen sin på enn å gjennomføra tunge løft? Eller løftar ho – med vilje – tungt for å provosera fram ein abort? Det siste alternativet synest her mest rimeleg, kvinna fortel at mora uttrykte ei form for glede og lette ved situasjonen: «For det verste var når hun lå og takket Gud, ja hun lå i den verste elendighet og pine noen kvinne kan komme i og mumlet takkebønner og var glad – hun var glad!» (1947:69). Mora gjer vald på seg sjølv for å sleppa fleire graviditetar. Spontanabortane og -forsøka vert hjå Nedreaas skildra med ei viss fleirtydigheit og viser fram ulike aspekt med arbeidarkvinnekroppen. Arbeidarkvinna er avhengig av ein sterk kropp til dei daglege gjeremåla, og såleis kan ho oppleva graviditet som eit «hinder» ein ikkje har råd til korkje økonomisk eller sosialt. Samstundes utfører arbeidarkvinnene eit fysisk arbeid som er så hardt at det, uforvarande eller med overlegg, kan skada fosteret. Forsøk på å

spontanabortera utgjer heile plotet i Nedreaas si novelle «Den sterkeste» i *Før det ringer tredje gang*, der ei tenestejente er uynskt gravid. Legen, som er van med å avvise kvinner som henne, foreslår: «[T]a så varme bad som De kan tåle. Hoppe og springe, tunge løft især» (1945:115). Kvinna gjer som legen rår ho til, men «den kjernesunne kroppen vilde ikke hjelpe henne i arbeidet med å gi fra sig sin byrde» (1946:124).

Ein veit at det på dette tidspunktet var straffbart både å vera den som utførte og fekk utført ein abort, med mindre det stod om kvinnas liv og helse.² Både gifte og ugifte kvinner som vert uynskt gravid har få og farlege alternativ. Antydingane om at både mor og syster til forteljaren har abortert, også når dei er etablert innanfor ekteskapet, viser at utfordringa ved å bli gravid og bera fram barn ikkje er isolert til at det knyt seg skam til å få barn som einsleg kvinne. Det er praktiske og økonomiske grunnar til at arbeidarkvinnene ynskjer å få færre barn.³ At både rett til prevensjon og abort er ei viktig sak for arbeidarklassen, synleggjer Nedreaas ved å gjera ei kopling mellom kvinnesak og arbeidarsak i si omtale av streik. Ved eit høve doserer far til forteljaren for kona si om streik, om at ein arbeidar må vera solidarisk i kampen. Han legg til at familien deira uansett klarer seg betre enn dei familieane med fem eller sju barn. Konas respons er at mannfolk bør læra seg å beherska seg (1947:208). Det mannen ser som eit politisk prosjekt, er for kona uløysleg knytt til seksualitet. Konas ytring er også interessant fordi lesaren, kanskje til skilnad frå ektemannen, veit at ho truleg har provosert fram abortar ved fleire høve, kanskje nettopp for å klara å fostra opp dei borna ho har fått. Ho gjer vald på sin eigen kropp i solidaritet med og for å verna om familieeininga, medan ektemannen streikar i gruva for å styrka arbeidarklassens kollektive røyst. Dette mønsteret, som me har sett, repeterer dottera som «tvang seg til det» (1947: 238).

Kva alternativ har arbeidarkvinna?

Kva då med kvinnene i romanen som vel å bera fram barn som er unnfanga utanfor ekteskap, slik forteljarens syster gjer med det fyrste barnet? Skredder-Borgny og Arnhild er kvinner som ikkje aborterer sjølv om dei er i livssituasjonar som gjer det vanskeleg for dei å bere fram og oppdra barna. Dei er kvinner som «ikke lot seg tvinge til å ta det vekk» (1947:126). Samstundes som kvinnenens val vert omtala som modig av forteljaren (1947:117), får kvinnene og barna deira svært vanskelege liv. Borgny kan ikkje visa seg ute saman med guten sin, han vert difor isolert og «som en sump-plante» (1947:127), som forteljaren nemner han. Medan Arnhilds løysing vert å gifta seg med ein «gammel splint», som plagar guten hennar så mykje at ho til slutt set guten bort til andre. Kvinnene høyrer til arbeidarklassen, som ho sjølv. Den kvinnelege forteljaren slår fast: «at så dumt skal jeg aldri stelle meg» (1947:118). Ho liksom lover seg sjølv å ikkje hamna i Skredder-Borgny og Arnhild sin posisjon, men det er korkje kvinnene eller vala deira ho avviser som dumme. Kvinnene vert snarare nemnt som modige som ikkje let seg tvinge til abort. Forteljaren avviser samfunnet, eller kritiserer det som «dumt». Slik stiller romanen spørsmålsteikn ved kva det er for eit samfunn som gjer det uuthaldeleg å få barn utanfor ekteskap. Hovudpersonen leiter etter handlingsrom og -alternativ for arbeidarklassekvinner.

Den kvinnelege forteljaren framfører parallelt si eiga livshistorie når ho fortel om eigne vanskelege og smertefulle val og abortar, samstundes som ho fortel om ulike andre kvinneskjebnar. Dette synleggjer eit paradoks der samfunnet ikkje tillèt å gjennomføra abortar – men heller ikkje legg til rette, korkje sosialt eller økonomisk, for at kvinner kan føda barn utanfor ekteskap. Eller som forteljaren uttrykker det: «Jaja,

haha, de kan vær så god forby oss å ta det vekk, i moralens og bibelens navn! Men samtidig så tvinger de oss til å ta det vekk, i moralens og bibelens navn!» (1947: 126). Samanstillingane av forteljarens individuelle kroppslege erfaringar og historie og dei andre kvinneskjebnane utgjer til saman eit heile, og ymtar om at det finst eit potensielt fellesskap mellom kvinner. Det er kanskje difor forteljaren, utan å forstå det sjølv, kjem tilbake til minnet om kroppsleg identifikasjon med systera. Ho anar umedvite at systera si utfordrande livssituasjon umogeleg kan endrast utan ei kollektiv forståing for samfunnets undertrykking av kvinners kropp og seksualitet.

I *Av måneskinn gror det ingenting* er det historier om kvinner som har vorte gravide og fått barn utanfor ekteskap, og som difor lever uverdige liv i skam og på måtar som går brutalt ut over barna, og det er forteljingar om kvinner som har abortert, spontant eller provosert. Dette er forteljingar til skrekk og åtvaring for kvinnene på handlingsplanet. Vilråa og skamma som kvinnene må leva med etter både fødsjar og abortar, fungerer til å reproducera og forsterka frykt og snevra inn handlingsrommet deira. På romanen sitt overordna plan fungerer desse talrike forteljingane som ein samfunnskritikk. Kva seier det om eit samfunn der kvinner vel smertefulle og livsfarlege utveggar, som dei også opplever moralsk fordømming for, heller enn å føda barn? Den kvinnelege forteljaren utviklar ei innsikt i samanhengane mellom kvinnes situasjon og klassesamfunnet.

Nå fortalte jeg ham altså om en del av mitt eget den kvelden, jeg fortalte om at jeg hadde vært hos doktoren og det der. Og jeg fortalte ham om Skredder-Borgny og gutten hennes, og om alle de små Vesleguttene som ble utryddet. Jeg fortalte om min mor, og hennes åndelige og legemlige forfall, jeg sa ham at jeg hadde oppdagat at alt dette hadde noe med hverandre å gjøre,

og at alle streikene og all uroen i arbeidslivet hadde noe med de samme tingene å gjøre. Jeg sa, det er så fælt at det må forandres [...] her må jo være noe galt et sted, noe rivende galt? (1947: 209–210)

At «alt» har med kvarandre å gjera, er noko forteljaren tidlegare har forsøkt å setje ord på til vennen sin Morck. I samtalen vidare mellom dei to gjer Morck mange forsøk på å stadfesta samanhengar mellom undertrykking av kvinner og kapitalmakta sine interesser, for forteljaren. Innslag av innsikt og vilje til opprør hjå kvinna forvitrar fort. Kvardagsslitet og ein ny graviditet tvinger det aksjonistiske i forteljaren tilbake, og ho vert desperat og desillusjonert. På romanens notidsplan fortel kvinna dette til ein anonym mann, og det er som om samanhengane trer fram for ho medan ho fortel. Det er som om kvinna anar at individets smerte kjem av samfunnsskollektivets organisering, men at individet vanskeleg kan forstå eiga tyding og sin eigen plass i kollektivet. Dette vert fyrst tydeleg for ho gjennom forteljehandlinga i natta, slik ho etter kvart forstår at minnet om systera sin kropp har med hennar eiga forteljing å gjera.

Kvinnas einsemd – politisk einsemd

Kva tyder det at arbeidarklassekvinna er gitt forteljestemma i *Av måneskinn gror det ingenting*? Kvinna bryt seg stadig av og vil ha mannens anerkjenning, ber mannen lytta eller spør om han kjedar seg. Lesaren vert slik minna om at for denne kvinna er det ikkje sjølvsagt å bli høyrte. Ho er van med å teia, van med å vera underlegen mannen og van med å vera underordna i klassesamfunnet. Kvinnas oppleving av å inneha ein grunn-

leggande underlegen, eller einsam, posisjon vert etablert allereie i møtet mellom kvinna og mannen innleiingsvis i romanen. Ho seier at denne kvelden vil ho endeleg snakka: «Jeg må av med det nå, hvis du kan ta imot. Jeg har tiet i mange år [...] For nå vil jeg ikke lyve mer, og ikke tie mer» (1947:17–18). Deretter kjem kvinna sin einetale som mannen lyttar til. Ho bryt ut av einsemda og tagnaden for ei natt og fortel om opplevingar og fortvilning ho tidlegare ikkje har delt med nokon.

Kvinna spør seg om ein mann nokon gong kan forstå kva ei kvinne føler når ho fyrste gong sit på eit legekontor og venter på ein abort. «Der sitter hun og er den dobbelte forbryteren, ganske alene. Ja, dobbelt? Hun har jo syndet, det er det ene. Og så vil hun ha ham til å hjelpe seg med noe som er en forbrytelse. For det *er* en forbrytelse! Du har sett bilder og plansjer av de små fostrene, det er en utvikling så rivende og forunderlig» (1947:126). Aborten vert omtala som ei brotsverk, og det er eit juridisk faktum at legestanden ikkje har høve til å gje aborthjelp på dette tidspunktet. At aborten er eit lovbrøt, vert forsterka av at det vert repetert: «For det *er* en forbrytelse». Forteljaren gjentek seg sjølv for å liksom overtyda tilhøyraren, både mannen og lesaren, om at dette er tilfelle. Det er då likevel ikkje handlingas juridiske implikasjonar ho referer til, men den moralske. Kvinna fortel om den moralske fordøminga ho opplever knytt til å ta abort. Sitatet over viser også at kvinna opplever ei stor einsemd, noko som igjen er forsterka av fortelleteknikken. Jeg-forteljarens refleksjonar om moralsk fordøming, manglande forståing frå omgjevnadane, einsemd og høve til å gjera seg høyrte, vert akkompagnert av små forteljingar om kvinner som Skredder-Borgny og Arnhild.

Den moralske fordøminga kjem ikkje berre utanfrå, men er også fundert i forteljarens eigne kroppslege erfaringar. Skildringane av at det vert gjort vald mot kroppen hennar når ho tek

abort, at ho på grunn av dei fysiske reaksjonane faktisk opplever det som naturstridig, er også ei side ved det at aborten vert opplevd som ei forbryting. Dette vert styrka av at forteljaren stadig nyttar ordet tvang når ho referer til andre kvinners val knytt til abort. Systera *tvang* seg til det, medan Skredder-Borgny ikkje let seg *tvinge*. Dette vitnar om at abortinngrepet, for forteljaren, er som eit fysisk overgrep mot kroppen. Å tvinga seg til å ta bort eit foster kan, slik forteljaren ser det, seiast å utløysa eit indre drama og ein sjølvransakande moralisme, medan å bera fram det same barnet kan resultera i spetakkel og kollektivets moralske fordømming.

Forteljaren kjenner på ei einsemd etter å ha kjent systera sin gravide kropp. Dette er ei kjensle som gjentek seg: «Men du skal bare vite dette – ja at jeg var ensom» (1947: 72). Nedreaas får også fram einsemda gjennom forteljemåten, monologen i natta, avbrote av forsikringar om at tilhøyraren følgjer med, og dermed altså ein tvil til at nokon faktisk er til stades eller lyttar. Med denne romanen synleggjer Nedreaas også det eg vil kalla ei politisk einsemd. Ved at kvinner er isolerte og aleine med historier om undertrykking, utnytting og urett, er det vanskeleg å kjempa saman og nærast umogeleg å få til politisk endring. «Se på *slike kvinner* som min mor» (1947:73, mi utheving), seier forteljaren og markerer avstand gjennom pronomenbruk. «De har jo ikkje engang krefter og tiltak til å kjempe for sine enkleste rettigheter» (1947:73, mi utheving). Forteljaren jamfører kvinnene og mennene sine situasjonar. «Disse menneskene, de har en dør til sitt fengsel, ut av sitt fengsel. Den er stengt, men den er der. De kan reise se, de kan samle seg, de kan bryte opp døren til sitt fengsel. *Mennene*, de har gjort såpass» (1947:74). Så lenge kvinnene ikkje samlar seg, varer uretten ved. Forteljaren ser at løysinga for kvinnene er å samla seg, slik mennene har klart. Å tre ut av einsemda vil ha politisk kraft. Samstundes kjenner

ho seg sjølv distansert frå nettopp det same potensielle kvinnekollektivet. «Og jeg, – jeg oppdaget for sent at jeg var havnet i fengsel. Mitt eget fengsel. Og i mitt fengsel fins det ingen dør» (1947:74). Forteljaren trer inn og ut av kollektivet, og vekselvis identifiserer og distanserer ho seg med andre kvinner for å forstå seg sjølv og forstå arbeidarkvinnenes situasjon.

Samlinga og mangfaldet av kvinnehistorier fungerer til å motverka eller utfordra denne politiske isoleringa og einsemda, som er ein føresetnad for å få til strukturelle endringar i samfunnet. Gjennom bi-forteljingar om ulike kvinneskjebnar i samband med fødsler, overgrep, utfrysing og abort i *Av måneskinn gror det ingenting*, til dømes i forteljingane om Skredder-Borgny og Arnhild, oppnår Nedreaas likevel å synleggjera eit fellesskap for lesaren. Ein er ikkje aleine med historia si. Det er eit mangfald av måtar å vera kvinne på, sjølv om ein ikkje alltid har (hatt) ein plattform for å vera i, eller uttala seg som, eit fellesskap. Ikkje minst fungerer den sterke identifikasjonen forteljaren har med systema, som ein ansats til å både bli medviten om, men også bryta ut av einsemda. I og med romanforma der ulike kvinners erfaringar vert samla, vert dei fortalt som ein del av *ei* historie, og fungerer til saman som ein samfunnskritikk. *Av måneskinn gror det ingenting* viser, gjennom forteljingar om kvinner og framstillinga av seksualitet og abortproblematikk, fram den same dynamikken knytt til individ og kollektiv som ein kjenner frå arbeidarlitteraturen elles. For å oppnå betre vilkår og rettar for individet må ein forstå seg sjølv som del av eit fellesskap og opptre som eit kollektiv.

Noter

- 1 Eg har tidlegare undersøkt korleis dette vert tematisert i Nini Roll Ankers arbeidarroman *Den som henger i en tråd* frå 1935 (Mathisen 2019).
- 2 For meir om abortlovgiving i Noreg, sjå til dømes Andersland (2005), Danielsen (2013:269), Gulli (1994), Melbye (2005:305) og Seip (1994:106–111). Langås (2014) og Mathisen (2019) har studert litterære framstillingar av abortmotivet og abortkampen.
- 3 At det er ein samanheng mellom klassetilhøyrslø og mogelegheita til familieplanlegging er til dømes viktig i Katti Anker Møller sitt innlegg «Moderskapets frigjørelse» i 1915.

Litteratur

- Andersland, Geir Kjell. (2015). *De Castbergske barnelover 1915–2015*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Gulli, Brita M. (1994). «Abortlovgivningens historie». I: Haavet, Inger Elisabeth (red.): *Katti Anker Møller. Modrenes forkjemper 125 år*, Bergen: Senter for humanistisk kvinneforskning, s. 57–68.
- Danielsen, Hilde. (2013). «Den kjønnsdelte arbeidsdagen». I: Danielsen, Hilde, Larsen, Eirin og Owesen, Ingeborg W. (red.). *Norsk likestillingshistorie 1814–2013*, Bergen: Fagbokforlaget Vigmstad & Bjørke AS, s. 219–274.
- Hamm, Christine. (2016). «Arbeiderkvinnens destruktive seksualitet? Moralsk perfektjonisme i Torborg Nedreaas' *Av måneskinn gror det ingenting*». I: Agrell, Beata, Arping, Åsa Ekholm, Christer og Gustafson, Magnus (red.). *‘inte kan jag berätta allas historia?’ Föreställningar om nordisk arbetarlitteratur*, Göteborg: Lir.skrifter 5, s. 199–210.
- Jonsson, Bibi. (2016). «Det negativa klassmärket. Föreställningar om kvinnors sexualitet hos Moa Martinson och Elsie Johansson». I: Agrell, Beata, Arping, Åsa Ekholm, Christer og Gustafson, Magnus (red.). *‘inte kan jag berätta allas historia?’ Föreställningar om nordisk arbetarlitteratur*, Göteborg: Lir.skrifter 5, s. 185–198.
- Langås, Unni. (2013). «Den ukjente kvinnens melodrama. Torborg

- Nedreaas' film noir-inspirerte roman *Av måneskinn gror det ingenting*». *Riss: magasin for studenter og tilsette ved institutt for nordistikk og litteraturvitenskap*. Nr 2, Universitetet i Trondheim, s. 123–131.
- Langås, Unni. (2014). «Beholde barnet? Faser i abortens litterære og juridiske historie». *Literature and Law. Culture and Literature of the Scandinavian Nations in International and Interdisciplinary Perspective*. Riga.
- Mathisen, Ingrid Nestås. (2019). *Arbeidarkroppen. Individ og kollektiv i Nini Roll Ankers og Kristofer Uppdals prosa*. Avhandling for graden ph.d. ved UiB, Bergen.
- Melby, Kari. (2005). «Husmortid. 1900–1950». I: Blom, Ida og Sogner, Søl (red.). *Med kjønnsperspektiv på norsk historie. Fra vikingtid til 2000-årsskiftet*, Oslo: Cappelen Forlag, s. 255–322.
- Nedreaas, Torborg. (1947). *Av måneskinn gror det ingenting*. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Nedreaas, Torborg. (1945). *Før det ringer tredje gang*. Oslo: Halvorsen og Larsen forlag.
- Seip, Anne Lise. (1994). *Veiene til velferdsstaten: norsk sosialpolitikk 1920–75*. Oslo: Gyldendal
- Svensen, Åsfrid. (2007). *De ti sannheter. Mangfold og motsetninger i Torborg Nedreaas' litterære verden*. Bergen: Fagbokforlaget. Landslaget for Norskundervisning
- Witt-Brattström, Ebba. (1988). *Moa Martinson. Skrift och drift i trettioalet*. Stockholm: Norstedts.
- Österlund, Mia. (2013). «Att formge en flicka. Flickskapets transformationer hos Pija Lindenbaum och Stina Wirsen». I: Söderberg, Eva, Österlund, Mia og Formark, Bodil (red.). *Flicktion. Perspektiv på flickan i fiktionen*, Malmö: Universus Academic Press, s. 168–187.